

Travel dag for trubadurane.

30.08.2017

g lang

ne sang



Svein Rimestad og Kristian Bringedal i full sving på Husnes.

Tirsdag var ein travel dag for trubadurane Svein Rimestad og Kristian Bringedal. Først var dei på plass i Gamleskulen på den faste allsongøkta på Kafè Tiaren siste tirsdagen i månaden. Deretter var det rett i bilen for å nå fram til kulturcafèen i Kulturhuset Husnes der dei også opptrødde.



Lady Lea, Josephine og co hadde som vanleg mykje godt å by på.

Det er allsong på Kafè Tiaren siste tirsdagen i kvar månad. Også denne gongen var det møtt mange songglade kafègjester. Som vanleg var det dei gode allsongklassikarane som runga. Nytt denne gongen var det at Jakob Sande hadde fått god plass i programmet. Allsongøkta er frå kl.12 til 12.30 kvar gong.

I festsalen i Kulturhuset Husnes er det kulturcafè kvar tirsdag. Då er det også helsetrim og turgåing i tilknyting til dette. Det vert administrert gjennom frivilligsentralen, og denne tirsdagen vart første kulturcafèen for sesongen avvikla. Her syt kjøkkenet på kulturhuset for mykje godt til kaffien, og om lag ein gong i månaden er det underhaldning. Dette er eit populært tiltak som er godt besøkt.

Vanlegvis startar underhaldninga ca. kl.12.30, men på grunn av dei travle trubadurane var start denne gongen utsett til 13. Likevel var det eit stort publikum som venta på dei to uskedelingane. Programmet var todelt. Det inneholdt velkjende og kjære allsongklassikarar, og i tillegg hadde Kristian Bringedal eit kjekt kåseri om eit minne i fortida som vert aktualisert i samtidia (no) og som kan sei oss noko om framtida. Det konkrete minne var dåpskuppen hans frå 1951. Han har tidlegare hatt same kåseriet på Rosendalstunet.

Veronica Thorkildsen Thorsen, Kvinnherad frivilligsentral, fortel om eit svært vellukka og kjekt program som både ho og publikum sette stor pris på. Det var kjekt å høyra på. Dei har no sett opp eit underhaldningsprogram på nokre av kulturcafèane framover, men ho set veldig stor pris på om nokon tar kontakt og ønskjer å bidra.

Seinare på kafèen i går vart ho kontakta av ei nyinnflytta filippinsk dame som kunne tenkja seg å opptre med song. Veldig kjekt!!



Publikum kosa seg skikkeleg.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Veronica Torkildsen Thorsen og Thor Inge Døssland